

Ortopedi ved Lærdal sjukehus

Vi viser til munnleg orientering i går frå Helse Vest RHF ved fagdirektør Odd Søreide om ortopediverksemda ved Lærdal sjukehus. Det blir også vist til ei rekkje medieoppslag i dag 19. januar 2006.

Med bakgrunn i medieoppslag i dag 19. januar 2005 er det også utarbeida eit notat til Helse- og omsorgsdepartementet kor det er gjort greie for saka.

Bakgrunn

Den ortopediske aktiviteten for Helse Førde sitt opptaksområde blei frå 01.01.2005 samla til FSS og NSH og disse sjukehusa fekk dermed auka aktivitet. I tillegg blei det etablert ein egen ortopedisk klinikk ved LSH som primært skal behandla pasientar med rett til nødvendig helsehjelp frå andre opptaksområde enn Sogn og Fjordane. Korte ventetider på operasjon og ferdigbehandling på same sjukehus (operasjon og rehabilitering) er virkemiddel for å få pasientar til å velja operasjon ved ortopediklinikken i Lærdal.

LSH og NSH vidarefører akuttfunksjon i ortopedi for sitt lokalsjukehusopptaksområde, men har muligheit for å sende pasientar vidare til FSS, dersom det elektive programmet vil bli vesentlig forstyrra som følge av ø-hjelps operasjonar.

Verksemda ved Ortopediklinikk i Lærdal vart vedteke i styret for Helse Førde den 20. desember 2004. Styret gjorde slikt vedtak:

Ortopediklinikk Lærdal:

Styret har vedteke at det skal opprettast ein eigen ortopediklinikk i Lærdal. Det er budsjettert med ein aktivitet på 1600 DRG-poeng. Dette er ein føresetnad at det er pasientar som ikkje er heimehøyrande i Helse Førde, eller pasientar som alternativt hadde vorte handsama utanfor vårt foretak. Dette er ein viktig forutsetning for den samla ortopediske aktiviteten i Helse Førde. Ut frå at aktivitet blir "henta" utanfor Helse Førde bør ein ha 80% refusjon av DRG sats. Dette vil bli nærare avklart i mellom Helse Vest og Helse Førde."

Utover i 2005 viste det seg at langt dei fleste pasientane kom frå Sogn og Fjordane. Dette vart også omtala i eit styremøte seinare på året. Der vart det uttrykt eit sterkt ønskje om at 80 prosent

av pasientane måtte kome utanfrå Helse Førde sitt område, eller pasientar som hadde blitt behandla utanfor føretaket.

Tal over ventelister og behandla pasientar, utarbeidd primo oktober 2005, viste at under halvparten av pasientane kom utanfrå Helse Førde.

Helse Vest RHF vil med dette be fylkeslegen sjå nærare på følgjande problemstillingar.

- Prioritering av pasientar
- Finansiering av verksemda

Prioritering av pasientar

Helse Vest RHF ber Helsetilsynet vurdere om inntak av ortopediske pasientar ved Lærdal sjukehus er i tråd med rett prioritering. Spørsmålet blir om geografiske omsyn har gått føre prioriteringsforskrifta.

Finansiering av verksemda

Helse Vest RHF ber Helsetilsynet vurdere bruken av økonomiske insentiv for å understøtte aktivitet ved lokalsjukehus. Kapasiteten innan ortopedi samla i Helse Førde er som kjent større enn behovet. Lokalsjukehuset er blitt stimulert til å tiltrekke seg pasientar frå andre helseføretak/regionar.

Med helsing

Helge Bryne
Viseadm. direktør

Ingvill Skogseth
seniorrådgjevar